



Styre: Universitetsstyret

Styresak: 104/20

Møtedato: 24.09.2020

Dato: 09.09.2020

Arkivsaknr: 2015/2389

Universitetsdirektøren si resultatoppnåing - 2020

Tilvising til bakgrunnsdokument

- Styresak 92/19 Universitetsdirektøren si måloppnåing
http://ekstern.filer.uib.no/ledelse/universitetsstyret/2019/2019-09-26/S_92-19Universitetsdirektorens_si_maloppnaing.pdf
- Styresak 05/20 Tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet
http://ekstern.filer.uib.no/ledelse/universitetsstyret/2020/2020-02-20/S_05-20Tidelingsbrev2020.pdf

Saka gjeld:

Stillinga som universitetsdirektør er omfatta av leiarlønsordninga til staten med ein kontrakt som tek føre seg krav og resultat for stillinga tolv månader fram i tid. Universitetsstyret vedtok i sak 92/19 resultatmåla for 2020.

Denne saka fell i to delar. Den første delen gjer opp status for måla i 2020, medan det i den andre delen vert lagt fram forslag til mål for den neste tolv månadersperioden. Denne delen er noko annleis dette året, m.a. grunna i at det er blitt tilsett ny universitetsdirektør i 2020.

Som vedlegg vil styret få presentert rektor sitt forslag til vurdering av løn.

Forslag til vedtak:

- 1) Universitetsstyret ber om at rektor og styret sine vurderingar av resultatmåla til universitetsdirektøren blir sendt til Kunnskapsdepartementet i tråd med vilkåra i leiarlønsordninga.
- 2) Resultatmåla for universitetsdirektøren sitt arbeid dei neste tolv månadene skal leggjast til grunn for kontraktsvilkåra og for stillings- og resultatkrav i arbeidsavtalen til Kjell Bernstrøm ut året og i avtalen til den nye universitetsdirektøren.

Dag Rune Olsen
rektor

09.09.2020/Sonja Irene Dyrkorn

Saksframstilling

Styre:
Universitetsstyret

Styresak:
104/20

Møtedato:
24.09.2020

Arkivsaksnr:
2015/2389

Universitetsdirektøren si resultatoppnåing - 2020

Bakgrunn

Staten reviderte leiarlønsordninga i 2015. Kunnskapsdepartementet har med unnatak av fastsetjing og endring av løn delegert oppfølginga til Universitetsstyret. Leiarlønsordninga er utvikla for å stimulere til betre måloppnåing og resultat, til auka gjennomføringskraft og til god leiing.

Universitetsdirektøren sitt ansvar og mynde er gitt av Universitets- og høgskolelova og i institusjonen si regelsamling. Universitetsdirektøren er den øvste leiaren for den administrative verksemda ved universitetet innafor rammene som styret har sett. Direktøren er sekretær for styret, har ansvar for å setje i verk vedtak og for disponering av ressursar og eigedom i samsvar med vedtak fatta i styret. Universitetsdirektøren er vidare ansvarleg for samla økonomiforvaltning ved universitetet.

Resultatmål

Det er gjennomført leiarsamtaler mellom rektor og universitetsdirektør i samband med resultatmåla. Slike leiarsamtalar er kontrakts- og medarbeidersamtalar der resultatmåla for fjoråret blir gjennomgått og forslag til mål for det komande året vert diskutert. I samtalanene som har vore har rektor og universitetsdirektør gjennomgått resultatmåla for 2020 og arbeid fram forslag til resultatmål for komande avtaleperiode.

I samråd med Kunnskapsdepartementet er rektor og universitetsdirektør samde om å leggje fram eit mindre detaljert sett av resultatmål for 2021. Det har bakgrunn i at det vil bli eit skifte i direktør ved årsskiftet, og at det såleis bør vere rom for ny direktør å avtale meir detaljerte resultatmål saman med rektor og styret. I tillegg har universitetet i 2020 hatt ein særskilt krevjande situasjon i samband med covid-19 og det er venta at drifta av universitetet kan bli påverka av dette utover 2020. Resultatmål for 2021 er avstemt opp mot dette og er difor mindre detaljerte og omfattande på utviklingsområda for universitetet. Når ny universitetsdirektør er på plass vil resultatmåla for 2021 kunne konkretiserast nærare.

I det følgjande vil det først bli gjort greie for vurderingar av resultatmåla for 2020.

Arbeide med vidareutvikling av ein heilskapleg og framtidsretta administrasjon

- Gjennomgang av tenesteorganisering og arbeidsfordeling mellom fakultet og institusjonsnivå
- Arbeid med kompetanseplanar

Administrasjonen ved universitetet har eit felles målbilete fram mot 2024. Hovudmålsetjinga er å vere den leiande universitetsadministrasjonen i Norden. Ein av hovudbjelkane i målbilete er å vere ein heilskapleg administrasjon som arbeider saman på tvers av organisatoriske nivå. UiB tenesteutvikling (tidlegare Prosjekt tenesteutvikling) er ei felles overgripande satsing som skal støtte opp under dette. Universitetsdirektøren har vidare sett i verk to større omstillingsprosjekt i sentraladministrasjonen med utgangspunkt i tenesteorganisering, og IT-avdelinga og HR-avdelinga vil ferdigstille omstillingsprosjekta sine ved utgangen av året.

Kompetanseplanar var særskilt peikt på i resultatmåla for 2020. Det er utarbeidd rammeverk for utvikling av slike som kan brukast både på gjennomgåande fagområde og på einingsnivå. Malverket er m.a. testa ut ved UB som ein del av oppfølginga av organisasjonsprosjektet der, i samband med opplæringsbehov knytt til digital kompetanse, for arbeid med smittevernsopplæring i 2020 og på ulike område i leiarprogram og – opplæring. Konseptet skal lanserast i full breidde hausten 2020

Leggje til rette for utvikling av ein sterkare arbeidsgivarfunksjon. Hovudfokus i 2020

- Rekrutteringspolitikk, inkludert vidareutvikling av tenester for internasjonal rekruttering
- Karriereutvikling

Universitetet har felles arbeidsgivarpolitikk og -praksis som eit uttalt mål i strategien. Det er arbeidd med å gjennomgå eksisterande praksis ved dei ulike einingane ved universitetet for å standardisere og arbeide fram felles *beste* praksis. Tenester for internasjonal rekruttering skulle ha eit særskilt fokus i 2020. Tydleggjering av støtteordningar som t.d. råd og støtte i samband med skatt og forsikring i utlandet, bustadenester for innreisande tilsette og gjestar er blant områda som er tekne tak i. Ordningar for beredskap og sikkerheit på reise, mellom anna på felt-, tokt- og gruppereiser og i samband med koronaoppfølging, er justert og etablert der slike ordningar har mangla.

Når det kjem til karrieropolitikk finst det fleire større og mindre initiativ som er sette i verk i 2020. På vitskapleg side vedtok universitetsstyret «Karrieropolitikk for yngre forskarar» i februar. Momentum-programmet og TMS karriereprogram har halde fram med nye kull i perioden. I tillegg er det etablert egne opplegg for faglege leiarar, som til dømes instituttleiarprogrammet. På administrativ side er administrativt mellomleiarprogram framleis eit populært tilbod. Nyvinningar som Program for studierettleiarar og HR-skolen er utarbeidd og klare til oppstart. I tillegg er det satsa mykje på spesiallaga kurs og opplegg for ulike målgrupper i samband med covid-19, m.a. gjennom det digitale konseptet Utviklingstid.

Omdømesatsing for å gjere UiB meir synleg og styrke UiB sitt omdøme

- Kampanjar for å betre omdøme og auke rekrutteringa til UiB
- Gjennomføre internkommunikasjonsprosjektet

Hovudfokus i omdømmearbeidet har vore å byggje kjennskap til UiB blant potensielle studentar. I februar skreiv UiB under rammeavtale med reklamebyrået Try, noko som m.a. resulterte i kommunikasjonskonseptet «Verden trenger tankene dine». Ei større studentrekrutteringskampanje vart laga fram mot søknadsfrist for høgare utdanning. Søkjartala auka med 12 prosent i Samordna opptak og tilsvarande med 20 prosent for søknad til masterstudia.

Styret har vedteke å føre På Høyden tilbake som internavis for UiB. Internkommunikasjon er viktig for å knyte dei ulike einingane i organisasjonen saman og for å samhandle, byggje og dele kunnskap. På Høyden skal samle og leggje til rette for informasjon og nyhende som er relevant for alle ved UiB, gjere lenker og verktøy lett tilgjengelege og leggje til rette for debatt og meningsutveksling.

Følgje opp regjeringa og departementet sine digitaliseringsambisjonar gjennom UiBs digitaliseringsprogram og ha stort fokus på å utvikle funksjonar for primærverksemda

- Gode mottak av dei nye BOTT-løysingane lokalt på UIB

UiB har etablert eit mottaksprogram for alle BOTT-løysingane. Dette er gjort for å sikre eit heilskapleg og koordinert mottak. I dei utarbeidde planane for mottak av Økonomi og Lønn og for den nasjonale piloten for tilgangs- og brukarstyring (IAM) vert det vektlegg at dette er meir enn berre innføring av nye system. Det er snakk om å utvikla organisasjonen i retning av det målbiletet UiB har for administrative tenester og ambisjonen om å vere den leiande universitetsadministrasjonen i Norden innan 2024. Eit felles omstillingsprosjekt i samband med nytt lønssystem frå 2021 er sett i verk på området lønsnær HR. Både leiing og andre involverte i mottak av BOTT-løysingane på UiB prioriterer dette arbeidet høgt. Ein engasjerer seg sterkt lokalt, men også nasjonalt bidrar UiB tungt både fagleg og framdriftsmessig.

- Implementere Tredjepartsportalen som gjer tredjeparts verktøy til undervisning tilgjengeleg

UiB har gjennom ei FOU-avtale med firmaet Software2 utvikla og teke i bruk ei løysing for tredjeparts programvare til bruk i undervisninga. Løysinga vart integrert i læringsplattformen Mitt UiB våren 2020. Hausten 2020 skal løysinga også ha ein pilot for bruk knytt til digital eksamen, med mål om ferdig løysing frå våren 2021. Løysinga er nyskapande og det er stor interesse i UH-sektoren for det arbeidet UiB har gjort. Når UiB no går frå FOU-avtale til leverandøravtale i løpet av hausten 2020, vil sektoren få tilbod om opsjon.

- Vidareutvikle Chatbot for studentar, saman med IBM

UiB har i samarbeid med IBM vidareutvikla Hubro Chatbot. I løpet av hausten 2020 vil Hubro chatbot bli tilgjengeleg for alle fakulteta og vere integrert i Mitt UiB. Førebels statistikk for bruk, viser at Chatboten Hubro vert brukt aktivt. Prosjektet har dialog med prosjekt for ny tenesteportal (UiB hjelp) og Felles servicesenter for ei koordinert tilnærming til studentinformasjon på tvers av plattformer.

- Utvikling av en nasjonal Kunnskapskanal

UiB, NTNU, UiT og UiS samarbeider om utvikling av ein ny nasjonal kunnskapskanal for open deling av forskingsformidling, styrt av sektoren sjølv. Arbeidet omfattar både teknisk løysing, organisasjon og forvaltning, i tillegg til redaksjonell utvikling. Per juni 2020 er det sett i gang ein pilot for medieplattform, som vil verte navet i ei ny løysing. Om piloten er vellykka, er det sannsynleg at tenesta vert lansert våren 2021.

- Utvikle og etablere samanhengande administrative tenester for kjerneverksemda (ny tenesteportal)

UiB valde å etablerte ei ny tenesteportal hausten 2019 (UiB hjelp). Med utgangspunkt i denne arbeider administrasjonen for ein meir heilskapleg og koordinert samanheng mellom dei administrative tenestene. UiB tenesteutvikling har arbeidd aktivt med å utvikle endrings- og utviklingskompetansen i administrativ line, på tvers av heile universitetet. Gjennom ulike tilbod for opplæring i metodikk som til dømes Tenesteinnovasjons-programmet, arenaer for samarbeid og dialog på tvers av nivåa, og prosjekt knytt til utvikling av felles areal for kunnskapsutvikling og etter- og vidareutdanning i nye Nygårdsgaten 5

Sikkerheit og beredskap

- Følgje opp rapport om IT-sikkerheit

Etter internrevisjonen våren 2019 har ein auka ressursbruken innan IT-tryggleik, UiB sitt styringssystemet for informasjonssikkerheit og personvern (SIP) er oppdatert og Nasjonalt tryggingssystemet (NSMs) Grunnprinsipp for IT-sikkerheit er innført som førande ved heile UiB. I samband med omorganiseringa av IT-avdelinga i 2020 skal området styrkast ytterlegare. Det er også utført eit omfattande informasjonsarbeid og besøk på fakultet og institutt som å auka merksemda på området. Ein har og starta arbeid med sentralisera driftsopplegg for eit av dei største IT-miljøa utanfor IT-avdelinga

- Følgje opp bruk av forskingsnære it-tenester ved fakultet og institutt. Gjennom SIP er det innført eit «føre-var-prinsipp» med krav om sikker drift og forvaltning før system vert tekne i bruk. I regi av internrevisjonen er det gjennomført penetrasjonstestar i ulike miljø som syner god tryggleik i sentralt drifta løysingar, men med klart forbettringspotensial i lokalt drifta utstyr. Basert på dette planlegg UiB ein total gjennomgang av UiBs IT-system og IT-utstyr for forskning med sikte på etablering av sikker drift og forvaltning

- Følgje opp arbeidet med å sikre samlingane
Prosjektet Sikre samlingar vart initierte med føremål om å sikre tilstrekkeleg koordinering av dei aktivitetane som skal til for å etablere nødvendig sikring av samlingane ved Universitetsmuseet og Universitetsbiblioteket. Arbeidet er tenkt gjennomført over ein fireårsperiode. I 2019/-20 er det skaffa magasin for lagring av samlingane på Bryggen museum og det blir klargjort for flytting. Biletsamlinga skal flyttast frå Nygårdsgaten 5. Her er det gjort bygningsmessige tilpassingar i lokale knytt til UBs andre verksemd og flytting startar hausten 2020.

Det er vedteke at Universitetsmuseets og Universitetsbibliotekets konserveringverkstader skal samlast. Det vil ta tid å etablere eigna lokale for varig drift, men i samarbeid med Statsbygg blir det arbeidd med mellombelse lokale hos Statsarkivet. Det er inngått avtale om leie av eksterne lokale til Universitetsbibliotekets depot og flytting vil skje rundt nyttår.

- Gjennomføre ei samvirkeøving på campus i løpet av 2020
Universitetsdirektøren valde i samråd med rektor å utsetje ei planlagt samvirkeøving på campus hausten 2020 på grunn av covid-19. Ei slik øving vil verte sett opp igjen så snart som praktisk mogeleg.

Styrke innovasjonsaktiviteten ved UiB

- Utvikle og forbetre samarbeidet med NORCE som UiBs viktigaste forskingsdrive innovasjonspartnar
- Styrke samarbeidet med VIS som kommersiell innovasjonspartnar og utviklar for fagmiljøa ved UiB
- Styrke dei administrative tenestene knytt til kommersialisering

Det vart hausten 2019 sett ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide forslag til felles politikk som peiker ut konkrete moglegheiter, utfordringar og forslag til retningslinjer for samarbeid mellom UiB og NORCE. Arbeidsgruppa skal levere forslag til politikk hausten 2020.

UiB har ei tenestekjøpsavtale med VIS for 2020 som vart inngått i 2019. Administrasjonen følgjer denne opp saman med fakulteta. Det er utarbeidd verktøy som gjer det enkelt å følgje med på timebruk for dei ulike einingane.

Administrative støttetjenester for kommersialisering har blitt utvida og systematisert i 2019 og 2020 og fleire administrative ressursar er sett av til arbeidet. Nye administrative tenester er også under utvikling. Mellom anna har det blitt etablert to modular innan innovasjon som blir tilbydd gjennom kursserien UiB Opp. Målet er å styrke det administrative støtteapparatet lokalt og sentral knytt til innovasjon og kommersialisering.

- Starte arbeidet med neste SFI-periode saman med alle fakulteta
SFI er eit viktig verkemiddel for forskingsdriven innovasjon. Søknadsfristen for SFI-IV hausten 2019 vart også starten på førebuingane til SFI-V om 4-5 år. Det er utført ei omfattande evaluering i etterkant av SFI-IV og konklusjonar og tilrådingar for den vidare prosessen er oppsummerte i ein rapport til fagleg leiing. I juni 2020 fekk UiB tildelt to SFI-sentre som koordinator og UiB er med som partnar på vidare fire senter frå Bergen. Det

positive resultatet vert teke med inn i førebuingane til den nesten SFI-prosessen. Det vil bli etablert eit administrativt søknadsteam i samarbeid med fagleg leiing og fakulteta.

Auke ekstern forskingsfinansiering

- Vidareutvikle Brusselkontoret i meir strategisk retning og med enno tettare kopling til UiB

Som følgje av at kontorsjefen sa opp stillinga si med verknad frå og med februar 2020 og grunna covid-19, har aktiviteten på Brusselkontoret vore minimal første halvdel av 2020. Når aktiviteten kan takast opp igjen på meir normalt nivå, vil UiB starta opp igjen bruken av Brusselkontoret til å driva påverknad og knytte forskarar frå UiB med forskarar frå andre stader i Europa gjennom m.a. samarbeid med partnarar i Brussel, strategisk dialog og kommunikasjon og aktivitetar for forskarar. Det går føre seg ein prosess med å rekruttera ny kontorsjef. Målet er å ha ny kontorsjef på plass i byrjinga av 2021.

- Utvikle måleparameter for samanlikning med andre nordiske universitet på forskingsområdet

UiB har valt ut tre nordiske universitet å samanlikna seg med; Lund, Helsinki og Aarhus. Ein gjennomgang viser tydelege forskjellar i kultur og føresetnader mellom dei nordiske landa. Det var stor variasjon i grad av deltaking i Horizon2020. UiBs strategiske moglegheit ligg i romsleg statleg finansiering, internasjonal profil og deltaking i store internasjonale prosjekt som gir stort vitenskapleg gjennomslag i form av siteringsgrad. Utfordringane er storleiken på institusjonen, kultur for deltaking og gjennomslag for forskning utanfor realfag.

- Auke talet på forskingsresultat og data som er ope tilgjengeleg

Dei "Publisert og les"-avtalane som vart inngått med dei store forlaga er no implementerte og det blir forhandla om tilsvarande avtalar med mindre forlag. Mengde fulltekstartiklar som er deponert i Cristin har gått opp frå under 50% til 87% ved UiB, noko som møter KD sine forventingar om auka deponering ved UiB. Det blir tilbode infrastruktur for og brukarstøtte i lagring og deling av opne forskingsdatasett

Følgje opp reorganisering av etter- og vidareutdanningsverksemda

- Vidareutvikle insentivordning for EVU
- Følgje opp vedtekne tiltak for styrka satsing på etter- og vidareutdanning

Ny underdirektør ved UiB Vidare vart tilsett 1. juni 2020. Arbeidet med å tilsetje fleire administrative støttefunksjonar er undervegs. Det vert arbeidd med planar og ambisjonar for EVU-feltet som mellom anna inneheld ulike modellar for intensivordningar. I mai/juni har UiB søkt på ekstraordinære midlar som vart lyst ut i samband med Covid-19. Totalt sett fekk UiB innvilga om lag 7 millionar kroner i støtte til seks ulike tilbod.

Studieplassar

- Få etablert eit prosjekt «gjennomføring på normert tid» der fråfall og årsaker vert analysert

Prosjektet skal bidra til å identifisere tiltak for å styrke gjennomføring på normert tid i bachelorutdanningane. Hausten 2020 blir det gjennomført to undersøkingar: Ei undersøking som går til nye studentar, der føremålet er å kartleggje planar og motivasjon for studiet. Mot slutten av semesteret skal det gjennomførast ei ny undersøking til dei same studentane der fokuset ligg på fagleg og sosial integrering i studiemiljøet. Resultata frå undersøkingane blir kopla mot kvantitative data frå studentsystem og det blir utarbeidd ein rapport på bakgrunn av analysane frå undersøkingane

- Foreslå tiltak med sikte på å auke søknaden til realfagsstudia i tråd med samfunnsbehova. Få etablert forkurs i matematikk frå studieåret 20/21 for leggje til rette for at fleire søkjarar kan oppfylle kvalifikasjonskrava for opptak

Det er blitt laga ein eigen rekrutteringskampanje for realfaga på UiB, som har bestått av skulebesøk, reklame, nettsider og sosiale medium. UiB har også inngått eit samarbeid med Nasjonalt senter for realfagsrekruttering. Samarbeidet er langsiktig og vil innehalde komponentar som arrangement og kompetansedeling. Søkartala til Det matematisk-naturvitskaplege fakultet gjekk opp med over 40 prosent i 2020 samanlikna med 2019. Til opptaket 2020 fjerna UiB kravet om full fordjuping i matematikk (R2) for fleire av studia og fleire vil følgje i forkant av opptaket 2021. Med desse endringane i opptakskrav vil behovet for forkurs vere redusert.

- Auke talet på praksisplassar i studieprogramma

Arbeidet med å auka arbeidsrelevansen i utdanningane inneber samhandling mellom involverte partar frå UiB og arbeidslivet, både fagleg- og administrativt tilsette, og studentar. Det er fleire punkt som er planlagt, m.a. skal UiB opprette ei samleside der arbeids- og næringsliv kan få publisert problemstillingar/oppgåver til bachelor- og masteroppgåver. Det er oppretta ei arbeidsgruppe med representantar frå Helse Bergen og UiB der ein diskuterer moglegheiter skal kunna føra til eit vidare praksissamarbeid. UiB er også i gang med eit utkast til ein prosjektsøknad om midlar frå DIKU. Midlane blir lyste ut til initiativ der UH-institusjonar og bedrifter og/eller offentlege verksemdar samarbeider om prosjekt som aukar relevansen i utdanningane, styrker læringa til studentane og møter behovet i arbeidslivet.

- Fremje forslag til økonomimodell for omfordeling av studieplassar

Arbeidet med økonomimodell er noko forseinka og vil bli prioritert framover i komande periode.

- Greie ut ordning for liberal arts-utdanning ved UiB

Arbeidet med å utvikla eit tverrfagleg samarbeid mellom Institutt for filosofi og førstesemesterstudier og Institutt for geovitskap er godt i gang. Det finst også eit liknande initiativ der ein ser moglegheiter for å gjera pensum breiare innretta, spesielt for bachelorstudentar. Moglege tilrådingar frå dette arbeidet vil kunna trekke mot eit meir «liberal arts» - fokus i studieprogramma. SVT sine danningsemne er vidare døme på at liberal arts-tankegangen allereie finst ved UiB, og kan vera ein mogleg modell for vidare implementering.

Utarbeide insentivordningar for å auke talet på utreisande studentar til 40% av dei som tek grad ved UiB

- Sikre at alle studieprogram har eit tilrettelagt utvekslingsopphald på minimum 3 månader
- Leggje til rette for opt-out i studieprogramma

Desse to måla må sjåast i samanheng, sidan det første punktet inngår som ein naturleg del av det andre. Med utgangspunkt i modellen som Bachelorprogrammet i europastudier utarbeidde gjennom piloten for opt-out utveksling har det blitt arbeidd vidare med å etablere tilrettelagde utvekslingsopphald i alle studieprogram. Det er venta at studieprogramma som blir kunngjorde i samordna opptak våren 2021 vil ha forventa utveksling som ein integrert del av løpet.

Lektorutdanning

- Prioritere tiltak i rapporten om strukturelle og økonomiske flaskehalsar i lektorutdanninga saman med fagdirektør og følgje dei opp

Sejersted-rapporten (flaskehalsrapporten) kjem med ti konkrete mål med etterfølgjande forslag til tiltak. Det eine målet er å få på plass ein tydeleg og einskapleg organisering av lektorutdanninga og forslag til ny organisering skal leggjast fram for universitetsstyret i oktober. Tre av måla handlar om praksis og oppfølging av praksistilboda. Resten av måla er langsiktige og er knytt til ein systematisk partnerskapstankegang.. Utvikling av partnerskapssamarbeidet og innfasing av ordninga med desentralisert kompetanseutvikling vil auka kvaliteten på praksisen som blir studentane våre tilbodne i samarbeid med skulane. Det er prioritert tilsetjing av i fleire administrative støttefunksjonar opp mot lektorutdanninga.

Ferdigstille utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet

Arbeidet med å ferdigstille utviklingsavtalen er i prosess og vil vere klar fram mot fristen for reforhandling i desember 2020.

Resultatmål for 2021

Fleire av resultatmåla for 2020 har naturleg ein lengre horisont enn eitt år. I tillegg har universitetet vore og framleis er i ein særskilt situasjon i 2020 på grunn av covid-19 og skifte i universitetsdirektør i løpet av 2020. Universitetsdirektøren og rektor har difor gjennom leiarsamtalane blitt samde om å foreslå ei noko foreinkla utgåve av resultatmål for 2021, både fordi nokre av resultatmåla for 2020 har blitt forseinka og også fordi det vil vere naturleg at ei ytterlegare spissing av måla for 2021 vert avtalt i samråd med ny universitetsdirektør.. Rektor vil såleis tilrå følgjande særlege område som universitetsdirektøren skal ha særskilt merksemd på i 2021:

Universitetsdirektøren skal:

- **Leggje til rette for at undervisninga og forskinga ved universitetet kan gå så normalt som mogeleg i den komande perioden som også vil bli påverka av covid-19**
- **Arbeide med vidareutvikling av heilskapleg og framtidsretta administrasjon**
- **Leggje til rette for utvikling av sterkare arbeidsgivarfunksjon**
- **Følgje opp omdømesatsinga og etablere På Høyden som ein godt besøk internavis og internkommunikasjonskanal**
- **Leggje til rette for at universitetet tek ei nasjonalt leiande rolle i digitaliseringssatsinga i sektoren gjennom aktiv deltaking på nasjonale arenaer og med fokus på utvikling av tenester for primærverksemda**
- **Følgje opp rapport om IT-sikkerheit og prosjekt «Sikre samlingar»**
- **Auke den administrative kompetansen innan innovasjon og vidareutvikle dei administrative støttefunksjonane knytt til innovasjonsaktiviteten ved UiB**
- **Leggje administrativt til rette for at UiB skal utvikle fleire framifrå forskingsmiljø og styrkje forskingsinnsatsen i Forskningsrådet og Eu sine forskingsprogram**
- **Følgje opp reorganisering av EVU-verksemda og rapport om lektorutdanninga**
- **Følgje opp prosjektet «gjennomføring på normert tid»**

- **Implementere tiltak i høve til Klimanøytralt UiB, med spesielt fokus på masterplan for areal og reduksjon i forbruk.**

09.09.2020/Sonja Irene Dyrkorn